

## HEIMLAUSA, -kua som vart attgløymt på Dyrsku`n.

**Det knirka i den store porten då Gaute og far gjekk ut or fjoset,** men så vart det stilt igjen. Dei hørde berre grusen som knasa under skoa då dei gjekk. Men med eitt stoppa far og lytta. Han hørde noko der borte langt nede ved fjøsveggen.

**Mu-u, sa det forsiktig.** Mu-u sa det ein gong til. Hm. Vi får skunda oss av stad og sjå kva det er, sa far. Han tok eit godt tak i handa til Gaute. **Då dei kom nærare der lyden kom i frå lyste far med lykta og såg det sto ei ku bunden inntil veggen.** Ho rakte fram mulen mot Gaute og prøvde å sleike etter hendene hans. Ååå, -eg trur ho er mørkredd sa Gaute. Sjå, ho ser så trist ut. Neida, seier far. Men ho frys, og ho har ikkje fått mat på lenge Ho har ete opp alt graset på bakken rundt seg. Stakkar.

**Skal vi ta henne med oss?** Eg er sikker på at det er ingen som eig henne, sa Gaute. Han klappa kua på halsen og klødde henne mellom horna. **Å nei, det går ikkje. Det er nok nokon som eig henne. Men det er ikkje snillt å la kua stå her utan mat og drikke! Han henta høy til henne og la over ho eit tøyestykke.** Mu-u sa kua og såg taknemleg på dei som ho ville sei takk. Kva heiter du tru? sa far. **Eg trur ho heiter Heimlausa,** eg sa Gaute. Ja, ja vi kan jo kalle ho det så lenge sa far. **Men far, om ingen kjem og hentar ho i morgo, då kan vi vel ta ho med oss heim? spurde Gaute. Han synast ho var så fin. Vi kunne vel det sa far men då må vi spørre lensmannen først. Det hørdes ikkje heilt umogleg ut.** Eg trur ho er tyrst, sa Gaute. Han hadde ikkje lyst til å gå heim og lege seg. Helst ville han berre sitje ved sida ho heile natta og passe på henne. **Far trudde og ho var tyst og henta ei bøtte med vatn til henne.** Ho drakk store slurkar.

**Etterpå rusla far og Gaute heim.** Ennå var det mørkt på himmelen, berre stjerner var å sjå. Då dei kom heim var det stups i *seng* for Gaute medan far måtte attende til Dyrsku`plassen og passe på dyra gjennom natta. **Gaute sovna på eit blunk og drøymde om alt han hadde opplevd på Dyrsku`n den dagen. Tenk om Heimlausa kunne bli hans...**

**Neste morgon heiv han på seg kleda i ein fart.** Han ville tilbake til Dyrsku`plassen det fortaste han kunne for å sjå om Heimlausa fortsatt var der. **Då han kom ned i stugo så var både søstra hans som heitte Kjersti, mor og bestemor oppe. Gaute forta seg å fortelje om Heimlausa.** Men mor lura og på korleis det hadde vore i fjoset om natta? Men det hadde Gaute nesten gløymt i iveren etter å få behalde Heimlausa, enda så spennande det hadde vore med *Ringolm!* Hugsar dekkon? Oksen som sleit seg frå båsen sin. Oj, oj,oj, sa mor forskremt. Tenk om han ryddar heile Dyrsku`plassen for både folk og fe! Men så gale var det ikkje. **Og medan mor ordna litt i huset, kledde seg og gjorde alt klart til å gå på Dyrsku`plassen, så sprang Gaute og Kjersti opp i låven for å lage til ein fin bås for Heimlausa. Og dei laga ein liten binge ved sida av til kalven.** Gaute var sikker på at Heimlausa snart skulle få ein kalv for ho hadde veldig stor mage. **Då vil eg ha kalven sa Kjersti.** Ja, du får vel det sa Gaute. Han synes ikkje han kunne kreve å få begge aleine.

Men nå var mor klar til å gå. **Då dei nærma seg plassen, greidde ikkje Gaute å gå så smått lenger. Han la på sprang og ville sjå om Heilause var der enno. Men han såg ho ikkje.** Det var berre masse folk og andre dyr kvar han såg. Å nei... **Han kjende tårene steig i augo og han såg berre tåkete. Han som eigde kua hadde vore her og henta ho. Eller? Nei! Med eit fekk han auga på henne.** Ho sto på same plassen som før, og med det same ho såg han, rette ho fram mulen og slikka han på hendene. Mu-u, sa ho og såg så blidt på han at han kasta seg rundt halsen hennar og klemde henne. Er ho verkeleg her i dag og, sa mor. **Så fin ho er. Kan eg ta henne med no? spurde Gaute. Nei, sa mor. Vi kan ikkje berre ta ei ku, kan du skjønna.** Men når ingen eig henne då? Ho kan ikkje stå her alltid, sa Gaute.

**Akkurat då kom det ein krøterhandlar.** Det er ein som handlar kuer. **Å nei, tenkte Gaute, no kjøper han Heimlausa og då får eg henne aldri med meg heim.** Mannen spurde mor om det var hennar ku. Nei, svara mor. Det var ei fin ku, eg skulle gjerne kjøpt henne, sa han. Og så gjekk han vidare til ein mann som sto rett bortanfor og skulle selge ei kvige. Og så kjøpte han den istaden (*pengar*). Det var Gaute glad for.

**Nå kom far med ei vassbytte til Heimlausa. Har du ikkje sett nokon som har gjeve henne mat i dag? sa Gaute glad. Nei, sa far. Då reiser eg med henne! ropa Gaute. Nei, nei sa far. Vi må vente å sjå om eigaren kjem i løpet av dagen. Og gjer han ikkje det må vi snakka med lensmannen om saka.** Men ta dykk ein tur rundt på plassen. Eg må inn att i fjøset og jobba, sa far. **Mor og Kjersti gjekk av garde, medan Gaute sette seg ved veggen innmed Heimlausa og gav han deilig nytt gras dei hadde tatt med heime ifrå.**

Då mor og Kjersti kom tilbake, og alle sat og åt *niste* ved sida av Heimlausa, var det akkurat som om alle tenkte det same: dei byrja å tru at Heimlausa skulle bli Gaute si. Mor og Kjersti dro heim etter mat, men Gaute ville vente til kvelden for å få med seg Heimlausa heim. Han strauk og klappa henne og kviskra inn i det store øyra hennar om kor godt ho skulle få det, når dei berre kom heim.

Det vart mindre og mindre folk att på plassen. **Snart var det berre Gaute og Heimlausa som sto der nede ved fjøsveggen.** Gaute ropa til far at no ville han ta med Heimlausa. Du må venta, sa far, vi må snakka med lensmannen. **Men lensmannen berre klødde seg i hue når han hørde historien og synast det heile var merkeleg. Han ville ropa ut over høgtalaren,** at her sto att ei ku. Og dersom ingen kom og henta kua så kunne Gaute få ta med seg Heimlausa og passe på ho til dei fekk bestemt kva ei skulle gjere med ho. **Ingen kom...**Gjett om Gaute var glad! Lensmannen og. **Før han kunne jo ikkje ha ei ku på kontoret sitt!**

**Får eg henne?** spurde Gaute glad. **Nei, eg må skrive om ho i avisene og sjå om nokon kjenner ho att og vil hente ho. Men dersom ingen melder seg så skal du få ho rimeleg dersom du steler godt med kua så lenge.** Det såg ut som lensmannen unnte Gaute å få kua. **Gaute løyste bandet og rusla heimover med Heimlausa.** Han trong ikkje dra i bandet det minste grann. Heimlausa følgte etter som ein katt ville ha gjort. **Det heile var som eit eventyr, tykte Gaute. Han hadde aldri vore så glad.**

Då han kom heim kan du tru mor og Kjersti vart overraska. **Fekk du Heimlausa likevel? ropa mor. Gaute leidde Heimlausa inn på båsen og bandt henne. Og ho slo seg til ro med ei gong.** Det var som ho hadde høyrd til på garden i alle år. Du har lova meg kalven, sa Kjesti, og kom med saftig og godt gras til Heimlausa. Jada, sa Gaute, -men til neste år vil eg ha den og sjølve. Nå Gaute må du koma inn å ete. Du har ikkje hatt tid til det i dag du.

**Dei neste dagane stelte Gaute og Kjesti så godt med Heimlausa og dei hadde det så godt, og moro. Likevel var Gaute litt usikker på om Heimlausa skulle få bli hos dei. Han var så spent at det nesten ikkje var til å halde ut. Og ein dag kom annonsa i avisa:**

**Ei ku er attgløymd på fesjåplassen 15.9. Eigaren må melda seg snarast, elles blir kua seld på auksjon. Seljord Lensmannskontor.**

Ja, no spørs det, då, sa mor. Det er best du reknar med at eigaren kjem, sa ho til Gaute. Berre så du ikkje vert altfor skuffa. **Men det gjekk ein dag, to dagar, og det gjekk ei heil veke, og endå hadde ingen eigar meldt seg.**

**Då reiste far til lensmannskontoret ein dag og kjøpte Heimlausa for 200 kroner.** Og det var veldig billig. Nå trong ikkje Gaute vere redd for å miste kua si. Gaute og Kjersti var så glade at dei hoppa rundt på tunet, før dei storma inn i fjøset til Heimlausa og fortalde alt saman.

**Neste år vil eg finne fleire kyr, sa gaute då han kom inn til bestemor.** Nei, Gaute, slikt hender ikkje opp att. No har eg vore på Dyrsku'n i 50 år, men eg har aldri funne anna enn knappar.

Frå boka "Det store fesjået".

